



Klepp kommune sluttar seg til den nasjonale satsinga for å styrke arbeidet for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge. Vi skal ha nulltoleranse for mobbing.

Vi vil følgje opp arbeidet gjennom aktuelle undersøkingar og kartleggingar. Dette omfattar drøfting av den årlege Elevundersøkinga og den årlege tilstandsrapporten for grunnsopplæringa, jfr. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k.

**Elin Lea**  
Ordfører

#### **Vi skal arbeide for at:**

- Barnehagar, skolar, fritidsmiljø og andre stader barn og unge oppheld seg er mobbefrie soner.
- Barnehagar og skolar arbeider aktivt førebyggjande med å styrke den sosiale kompetansen til barn og unge og motarbeider alle former for mobbing og utestenging.
- Leiarar på alle nivå tek ansvar og har nulltoleranse for mobbing.
- Alle som har eit ansvar for barn og unge sitt oppvekstmiljø, samarbeider systematisk og målretta mot mobbing.
- Det finst planar, kompetanse og etablerte rutinar for førebygging og handtering av mobbing ved alle skolar.

#### **Vi vil arbeide spesielt med:**

- Å realisere nulltoleranse for mobbing som mål i kommunen sin Handlingsplan 2012 - 2015.
- Alle skulane skal vera i gang med anten tilrådde nasjonale program eller eigne program som tilsvarer desse.
- Barnehagane skal laga plan for arbeidet mot mobbing som skal vera tilgjengelege på barnehagane sine heimesider.
- Aktivt samarbeid mellom elevar, foreldre og tilsette.

#### **Partane i vår kommune er:**

- Barnehagane
- Skulane
- Elevrådene
- FAU skulane og barnehagane